



Det vert smaksprøver på 15 ulike juleølvariantar.

**Det er rett før SmakifråOska, Vertshuset på kaien, vert fylt med julestemning. Her vert det julebord i ulike variantar, ein kveld for kåring av det beste juleølet, og lutefiskbuffèt. Alle formalitetar er i orden. Skjenkeløyve vart innvilga i siste formannskapsmøte, og fredag 20. og laurdag 21.november er det klart for dei første juleborda.**

Fredag 27. november vert også ein spesiell kveld. Då skal det kårast kva juleøl som fell best i smak hos kvinnheringane. Smakifrå skriv at det vert sleppt mengder av godt juleøl ut på marknaden, og derfor er det alltid kjekt å finna favoritten sin. Noko passar til pepparkakene, nokre sortar passar til pinnekjøttet, og andre passar igjen til kalkun eller ribbe.

Denne fredagskvelden inviterer Smakifrå til ei uhøgtideleg, men seriøs smaking. Det vert smaking av 15 ulike juleølvariantar, og innimellom vert det servert litt barsnacks. Dette kan garantert bli ein kveld med god førjulsstemning, og interesserte må hugse påmelding innan 25.november.

Dagen etter den 28.november er det klart for lutefiskbuffèt. Både dette, julebord og catering kan bestillast på [rokokk@gmail.com](mailto:rokokk@gmail.com) eller ved å kontakte Roy Lervåg på mobil.

Elles vert det stadig presentert nyheter både på heimesida [www.smakifraa.no](http://www.smakifraa.no) og på facebook-sida. Følg med der for smakfulle opplevingar i førjulstida.



Roy Lervåg og SmakifråOska har mykje å by på i førjulstida.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto frå Smakifrå si facebook-side, og Kvinnheringen.